



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 16.10.2014
Vår ref.: 2014/4513
Arkivnr.: 542.1

Likelydande brev til:

Vindafjord kommune
Rogaland fylkeskommune
Fiskeridirektoratet Region Sør
Fiskarlaget Vest
Kystverket Vest

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Revisjon av utsleppsløyve til Ilsvåg Holding AS sitt settefiskanlegg, Ilsvåg (land), Vindafjord kommune - Anmodning om uttale i saken - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas hensyn til under vår revisjon av utsleppsløyvet til Ilsvåg Holding AS sitt settefiskanlegg i Ilsvåg. Vi ynskjer at uttale sendes oss innen 8 uker. Vi ber også om at saksdokumenter og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland skal revidere utsleppsløyve til Ilsvåg Holding AS sin akvakulturlokalitet Ilsvåg (land), datert 25.02.1997. Bakgrunn for revisjonen er at utsleppet i dag går ureinsa ut i Ileelva og gjev uønska lokal forureining.

Kort utgreiing om revisjon av utsleppsløyvet

Akvakulturlokalitet:	Ilsvåg (land), organisasjonsnr.: 938 233 535
Type verksemd:	Settefiskanlegg for laks, regnbueaure og aure
Produksjonsramme:	1 500 000 stk. settefisk á ca. 100 gram pr. stk.
Plassering:	Gnr. 31, bnr. 8/25/33
Hovud endring:	Flytting av utsleppspunkt og moglegheit for reinsekraft

Bakgrunn

Anlegget har i dag fleire ureinsa utslepp direkte til elv. Fylkesmannen har ved fleire anledningar vore på kontroll til verksemda. Under siste kontroll blei det konstatert lokal forureining. I tillegg har vi fått bekymringsmeldingar om forureining i vågen.

Forureiningsmyndigheita har høve til å endra eller tilbakekalla utsleppsløyve når det har gått 10 år etter at løyvet blei gjeve, jf. forureiningsloven § 18. Dagens løyve set ikkje krav til reinsing av

utsleppet eller kvar utsleppspunktet skal vera. På grunnlag av negativ påverknad i resipienten vurderer derfor Fylkesmannen at vilkår i løyvet bør endrast. Vi har derfor varsla verksemda om at vi vil vurderer å påleggja flytting av avløp, samt reinsing av utsleppet. Ilsvåg Holding AS har sjølv foreslått å flytta utsleppspunktet ut av elva og ut frå Ilsvågen, til Sandeidfjorden. Verksemda meiner det ikkje er hensiktsmessig å reinse utsleppet. Dei har også kome med forslag til utsleppspunkt, samt gjennomført straummåling ved dette punktet (sjå vedlagt kart under).

Utlegging til offentlig ettersyn

Saksdokumenter blir lagt ut til offentlig ettersyn i Vindafjord kommune, Rådhuset, 5580 Ølen, og på Fylkesmannen i Rogalands internettside www.fylkesmannen/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Vi vil som avtalt sende saksdokumenter per e-post til kommunen. Fylkesmannen sørgjer for kunngjering i Haugesunds avis og Grannar. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av Ilsvåg Holding AS. Kunngjeringssteksten fylgjer vedlagt.

Uttaler frå statlege sektormyndigheiter og interesserte kan sendast Fylkesmannen innan **4 veker** frå utleggingstidspunktet. Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler er sett til **8 veker** frå kunngjeringsdato.

Vindafjord kommune

Uttaler – kommunal sluttbehandling

Kommunen bes om å innhenta naudsynte uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette naudsynt. Vidare må det gis opplysningar om flytting av utsleppspunkt er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelser m.v. for området.

Kommunens uttaler bør gi opplysningar om lokale forhold som det bør tas hensyn til ved revisjonen av utsleppsløyvet. Verksemda har foreløpig ikkje lagt konkrete planar for legging av røyrledning på land og i sjø. Det er derfor ynskjeleg med eventuelle innspel til saken. Vedlagt fylgjer skisse frå Ilsvåg Holding AS med planlagt trasé for utsleppsrøyr og utsleppspunkt. Det anbefalast at kommunen foretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlingen skal sendast Fylkesmannen.

Kommunal søknad om tiltak som omfattar graving på land m.m.

Fylkesmannen har opplyst verksemda om at det må søkjast Vindafjord kommune om løyve til tiltak som omfattar m.a. graving på land.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandler: Marte Kjelby
Saksbehandler telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Planlagt trasé for utsleppsrøyr med utsleppspunkt (av 09.10.2014)
2. Kunngjeringstekst

Kopi til:

Ilsvåg Holding AS Ilsvåg 5585 SANDEID

Adresseliste:

Vindafjord kommune	Rådhuset	5580 ØLEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001 STAVANGER
Fiskeridirektoratet Region Sør	Postboks 185, sentrum	5804 BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003 BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025 ÅLESUND